

PROTOKOLL FRÅ KONTROLLKOMITEMØTE I HELSE VEST RHF

Tid: Onsdag 5. september 2007, kl 1500 – kl 1600

Stad: Rica Maritim Hotell, Haugesund

Ø

Møtet var ope for publikum og presse

Saker:

Sak	09/07 B	Protokoll frå møte i kontrollkomiteen 14.2.2007
Sak	10/07 O	Status internrevisjon
Sak	11/07 O	Eventuelt

Deltakarar frå kontrollkomiteen:

Svein Andersen
Helge Espelid
Reidun Korsvoll

Deltakarar frå administrasjonen:

Visadm. direktør Helge Bryne
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Sekretær for kontrollkomiteen:

Statsautorisert revisor Gunnar Hoff (ref.)

Sak 09/07 B **Protokoll frå møte i kontrollkomiteen 14. februar 2007**

Kommentarar.

Protokollen var på førehand distribuert på mail til komiteemedlemmene.

Framlagte protokollar frå tidelgare møter vart signert.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen godkjenner protokollen frå møte 14.2.2007.

Sak 10/07 O **Status internrevisjon**

Leiar i kontrollkomiteen samanfatta kort situasjonen knytt til at det ikkje er gjort noko formelt vedtak i styret vedrørende revisjonsplanen for 2007. Kontrollutvalgssekretær orienterte om aktivitetar som internrevisjonen hadde vore involvert i sidan forrige møte i komiteen. Etter avtale med RHF leiinga var den planlagde revisjonen av styringssystem / økonomistyring i Helse Vest utsett til tredje kvartal 2007. Internrevisjonen har følgd opp dei aktivitetane som økonomiavdelinga i RHF har sett i verk ovanfor helseføretaka. Dette gjeld mellom anna å kartleggja organisering og fullmaktsforhold, og kva økonomisk effekt vedtekne innparingstiltak har hatt.

Internrevisjonen har hatt ei aktiv rolle i det nasjonale internrevisorforumet for RHFå, og har mellom anna halde foredrag for internrevisorforumet om handtering og revisjon av sårbarheit / risiko på IT-området, og om praktisk tilnærming til risikostyring. Deltakinga i internrevisorforumet har gjeve nyttig kunnskap om risikovurderingar i dei einsskille helseregionane og utveksling av erfaringar knytt til gjennomføring av prosjekt / prioritering av aktivitetar.

Revisjonen har også utarbeidd forslag til prosjektbeskrivingar, mellom anna innan oppfølging av regelverk for bierverv og etterleving av rutinar innan brann- og strålevern. Det har vore tidkrevande prosessar for å få innspel frå og godkjenning av prosjekta i RHFèt. På møtet vart det opplyst at leiargruppa i RHFèt no hadde handsama prosjekta, og at dei hadde nokre mindre justeringar i føremål/tilnærming, som dei ønskte vart innarbeidd før prosjekta vart starta opp.

Kontrollutvalet drøfta erfaringar så langt og understreka kor viktig det var å ha ei klår ansvars- og rollefordeling mellom styret, kontrollkomiteen og administrasjonen i forhold til godkjenning og effektivering av revisjonsplanar og prosjekt. Kontrollutvalet drøfta også risikoområder / risikosituasjonen og om det var grunnlag for å gjera endringar i forhold til dei prosjekta som allereie var identifiserte. Tema som vart berørt i denne samanheng var mellom risiko innan IT-området, oppfølging av porteføljestyringssystem, og analyse av årsaker til strek auke i DRG-indeks

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen tar statusrapporteringa til etterretning. Kontrollutvalget ber om at internrevisor utarbeider eit notat til styremøte 3. oktober, som ei orientering og eit grunnlag for vedtak om godkjenning av revisjonsprosjekt for 2007.

Sak 11/07 O

Eventuelt

Tilsetjing av internrevisor

Leiar i kontrollkomiteen orienterte om at Bjørn Tungland var tilsett i stillinga som internrevisor i Helse Vest og at han ville byrja i stillinga 2.1.2008.

Nest møte i kontrollkomiteen

Onsdag 7. november 2007, kl 17.00 i Stavanger

Gunnar Hoff
Referent

Bergen, 5. september 2007

Svein Andersen
Leiar

Reidun Korsvoll

Helge Espelid